

Anbefalt kostnadsnivå for skogkulturtiltak i Rogaland

Sist revidert 2026. Statsforvaltaren i Rogaland.

Bakgrunn

Før vedtak om NMSK-tilskot og utbetaling av skogfond til skogkulturtiltak, skal kommunen vurdere om kostnadane er innanfor normalområdet og/eller i samsvar med omfanget og kvaliteten på arbeidet.

Riktig kostnadsnivå skal sikre rett og best mogleg utnytting av tilskotsmidla og bruk av skogfondet til skogeigaren med 85 % skattefordel. Det skal leggjast til grunn at alt skogkulturarbeid skal utførast mest mogleg kostnadseffektivt. Det betyr at ein må stille krav til bruk av eigna utstyr, kompetanse og praksis. Tiltak utført til riktig tidspunkt gir styrst nytte og bør prioriterast.

Retningsgjevande anbefalingar

Under finn de anbefalt kostnadsnivå og anbefalt maksimalnivå for kostnadar knytt til skogbruk, juletre- og pyntegrøntproduksjon i Rogaland. Dei skal gjenspeile kva som er skogfagleg tilrådde kostnadar og sikre mest mogleg lik praktisering i kommunane.

Satsane er retningsgjevande og ikkje absolutte. Tilhøva rundt det enkelte tiltak kan variera mykje, og satsane må brukast med dette som bakgrunn. For tiltak med kostnad over anbefalt kostnadstak må kommunen vurdere om det er grunn til å gå ut over anbefalingane, og grunngi avvik i ØKS.

Gjeldande satsar er utarbeidd i dialog med dei skogansvarelege i kommunane og næringsaktørane som opererer i Rogaland. Satsane blir vurdert årleg og revidert ved behov.

Verktøy for å vurdere riktig kostnadsnivå

Skogbrukets kursinstitutt

På skogkurs sin nettstad finn de god informasjon om økonomien i ulike skogkulturtiltak:

<https://skogkurs.no/kunnskapsskogen/skogskjotsel/>

Naturbruksoverkomsten mellom NHO og LO for 2024 - 2026

NHO og LO sin overenskomst for naturbruk 2022-2024 kan vere eit hjelpemiddel til å vurdere kva som er rimelege kostnadar: [Overenskomst for Naturbruk 2024-2026 - Lovdata](#)

Anbefalt kostnadsnivå for ordinært skogbruk

Hovudkode	Kommentar	Anbefalt kostnadsnivå	Anbefalt kostnadstak
001 Grøfting	Vassjuk skogsmark, berre fastmark (<30 cm torv over mineraljord) etter hogst. Kostnad inkl. transport og flytting.	2300 kr/daa eller 35 kr/løpemeter	4000
002 Suppl. Grøfting 003 Grøfterensk	Kostnad inkl. transport og flytting	40 kr/løpemeter	50 kr/løpemeter
011 Gjødsling av fastmark	Punktgjødsling/startgjødsling	600 kr/daa	900 kr/daa
	Breigjødsling/helikoptergjødsling	700 kr/daa	900 kr/daa
	Kostnad inkl. transport og arbeid.		
100 Flaterydding	Flaterydding ved fyrstegongs-etablering av kulturskog, m.a rydding av einer.	450 kr/daa	900 kr/da
101 Markberedning		550 kr/daa	950 kr/daa
Plantekjøp bakes inn saman med kode 120	Plantekjøp dekker: <ul style="list-style-type: none"> • kjøp av planter inkl. frakt og emballasje • lagerkostnader • påføring plantevernmidlar i planteskole • påføring av mekanisk gransnutebillebeskyttelse som voks eller coniflex 	4,00 kr/stk for plantekjøp 40 øre for frakt og lagerkost. Lauvtre/spesial-sortiment: 5,50 kr/stk	4,90 kr/stk for plantekjøp 50 øre for frakt og lagerkost. Lauvtre/spesial-sortiment: 9,90 kr/stk
120 Plantearbeid nyplanting		5,00 kr/stk	6,50 kr/stk
130 Plantearbeid suppleringsplanting		5,50 kr/stk	7,50 kr/stk
133 Ungskogpleie	Rydding av vegetasjon og avstandsregulering	600 kr/daa	1000 kr/daa
141 Stammekvisting	Stammekvisting av 60-100 stammer per dekar. Må inn to gonger.	1. gong: 550 kr/daa 2. gong: 850 kr/daa	1. gong: 800 kr/daa 2. gong: 1100 kr/daa

Anbefalt kostnadsnivå for produksjon av juletre/pyntegrønt

Hovudkode	Tiltak	Kommentar	Anbefalt kostnadsnivå	Anbefalt kostnadstak
125 Juletre eller 126 Pyntegrønt	Grøfting	Kostnad inkl. transport og flytting	1600 kr/da eller 30 kr/løpemeteter	
125 Juletre eller 126 Pyntegrønt	Rydding/jordarbeid tidlegare jordbruksareal		1100-2200 kr/da	2200 kr/da
	Rydding/jordarbeid utmark/ulendt terreng		3300-4500 kr/da	4500 kr/da
125 Juletre eller 126 Pyntegrønt	Plantekjøp		Gjeldande prisar frå planteskule	
125 Juletre eller 126 Pyntegrønt	Plantearbeid		4,50 kr/plante	6,00 kr/plante
125 Juletre eller 126 Pyntegrønt	Suppleringsplanting år 2		5,00 kr/plante	6,50 kr/plante
125 Juletre eller 126 Pyntegrønt	Sprøyting og gjødsling		750 kr/daa	
125 Juletre eller 126 Pyntegrønt	Gjerding		120 kr/meter	
125 Juletre eller 126 Pyntegrønt	Anna eigenarbeid ved etablering, inkludert sosiale kostnader, leie/avskrivningskostnader maskiner, verktøy, utstyr og lokaler, mm. Les meir på Innovasjon Norge sine nettsider*		400 kr/time	2000 kr/time
400, 401 og 403	Vegbygging		Sjå "Felles overordna retningsliner for tilskot til skogsvegar og taubane"	
360	Forsikring			

*Innovasjon Norge:

<https://www.innovasjonnorge.no/no/tjenester/finansiering2/godkjente-timesatser/>